

5 dagar i mars

av Toshiki Okada (Japan)
Original tittel: 三月の5日間 / Sangatsu no Itsukakann
Omsetjing: Anne Lande Peters

Regi: Øystein Ulsberg Brager & Philip Thorne

Medverkande: Huy Le Vo, Rune Løding, Yngve Beriven, Espen Løvås, Sveinung Oppegaard, Ida Løken & Kirsti Stubø

Regiassistent: Espen Hjort

Dramaturg: Otto Homlung

Takk til: Norsk Skuespillersenter, Siri Nicole Ingemann, venner og familie

Delar av teksten er stroken. Om du er interessert i å lese teksten i heilskap kan du kontakte OIT på oslointernasjonateater@gmail.com

Nokre ord frå regissørane

Bruken av ikkje-kronologisk dramaturgi og hyper-realistisk daglegtale (eit av varemerka til Okada) gjer tekstane til Okada vanskelege å penetrere. Kva ligg under rollefigurane sine mislykka forsøk på å formulere seg? Kva for tema gøymer seg under den tilsynelatande banale overflata? Vegskildringar gjennom gatene i Tokyo, endelause utgreingar om bruk eller ikkje bruk av kondom - finst det substans ein eller annan stad mellom linjene? Da vi bestemte oss for å inkludere *Fem dagar i mars* i rekka av dramatiserte lesingar i vår, var det klart at dette kom til å bli eit eksperiment. Teksten til Okada er i særleg grad ei vanskeleg utfordring for både regissørane og skodespelarane. På dei fire dagane vi har hatt til rådvelde håpar vi at vi har fått noko ut av dette uhandtertelege materialet, som kan underhalde og fascinere publikum på same måten som vi har late oss fascinere av denne teksten. Velkommen til eksperimentet *5 dagar i mars*, den siste av vårens fem lesingar!

- Philip Thorne og Øystein U. Brager

Om stykket

Toshiki Okada har sagt om stykket *5 dagar i mars* fra 2004 at han ville reagere på krigen i Irak (den siste av dei) utan å forlate det kvardagslege. Vi møter Yukki og Minobe som møtest tilfeldig og sperrar seg inne på eit hotellrom i fem dagar i mars 2003. Medan USA invaderer Irak og ein antikrigsdemonstrasjon fyller gatene, konsentrerer dei seg om alkohol og uhemma sex. Dei slepp unna omverda og er endeleg frie, men kor lenge kan ein vere det? Kor lenge kan ein berre vere saman med eit anna menneske? Kan ein finne ein måte å leve med globale hendingar og konflikttar, eller er det like greitt å flytte til Mars?

Om dramatikaren

Toshiki Okada er dramatikk, regissør og forfattar av skjønlitterære bøker, fødd i Yokohama i 1973. Han grunnla teaterkompaniet chelfitsch i 1997, og har sidan skrive og regissert ei rekke produksjonar for dei. Kompaniet har turnert i USA og Europa, så vel som Asia. Namnet *chelfitsch* er Okadas oppfinning, og skal etterlikne uttalen til japanske barn av det engelske ordet *selfish*. *Fem dagar i mars* vann Kishida Drama Award i 2005, og same året mottok Okada *Yokohama*, den japanske Award for Art and Cultural Encouragement. Andre verk av Toshiki Okada: *On the Harmful Effects of Marihuana* (2003), *Air-Conditioner* (2004), *The End of Toil* (2005), *Freetime* (2008) og *Farewell Speech* (2009).

Om OIT

Oslo Internasjonale Teater produserer jamleg dramatiserte lesingar av internasjonal samtidsdramatik som ikkje har vore omsett eller spelt i Noreg tidlegare. OIT er eit tilbod til dei som er interesserte i samtidsdramatik og ønskjer å oppdage nye dramatikarar og skodespel, anten det er teater, frie grupper eller teaterskapparar på uttikk etter stykke å setje opp, dramatikarar som ønskjer inspirasjon til sitt eige arbeid eller vanlege teaterpublikummarar som ønskjer å sjå nye verk. Vi har eit breitt, internasjonalt nettverk som vi brukar i arbeidet med å oppdage dramatiske verk. OIT vert drive av det internasjonale teaterkompaniet Imploding Fictions.



Toshiki Okada (foto: precog)

Stykke OIT har gjort så langt

White Rabbit, Red Rabbit av Nassim Soleimanpour (Iran) / *Motortown* av Simon Stephens (Storbritannia) / *Sannheten Skal Frem* av Jordan Seavey (USA) / *The Mercy Seat* av Neil LaBute (USA) / *Hodefotningen* av Esther Gerritsen (Nederland) / *Medealand* av Sara Stridsberg (Sverige) / *Nattblind* av Darja Stocker (Sveits) / *Porselen* av Chay Yew (Singapore) / *De Onde* av Niklas Rådström (Sverige) / *Flap and fear* av Darren Lerigo (Storbritannia) / *Her står tittelen til dramæt om Ante* av Ivor Martinic (Kroatia) / *Sort Dyrs Sorg* av Anja Hilling (Tyskland) / *The Fever* av Wallace Shawn (USA) / *Forsøk på livet* av Martin Crimp (Storbritannia) / *Sju jødiske barn* av Caryl Churchill (Storbritannia) / *Sju andre barn* av Richard Stirling (Storbritannia)


Er du interessert i å setje opp eit av stykka som OIT har presentert? Vi hjelper gjerne til med å formidle kontakt i samband med rettar for både originalverket og omsetjinga.

www.oslointernasjonateater.com

www.detnorsketeatret.no

det norske teatret

i samarbeid med



presenterer

5 dagar i mars

av Toshiki Okada (Japan)

Ei dramatisert lesing

Torsdag 14. juni kl. 19.00, fredag 15. juni kl. 19.00, laurdag 16. juni kl. 17.30

Scene 3 på Det Norske Teatret

DRAMATISERTE LESINGAR VÅREN 2012

OIT & Det Norske Teatret presenterer:

THE DIAMOND STARS av Maya van den Heuvel-Arad (Israel)
15. - 16. mai kl. 19.00

FIXER av Lydia Adetunji (britisk-nigeriansk)
23. - 25. mai kl. 19.00

CLYBOURNE PARK av Bruce Norris (USA)
31. mai - 2. juni kl. 19.00

HAMLET ER DØD av Ewald Palmethofer (Østerrike)
6. - 13. juni kl. 19.00

FEM DAGAR I MARS av Toshiki Okada (Japan)
14. - 16. juni kl. 19.00

Billetter: www.detnorsketeatret.no / 22 42 43 44



OIT er drive av Imploding Fictions

www.oslointernasjonaleteater.com

det norske teatret



NORSK
KULTURRÅD



STIFTELSEN
FRØTT ORD